

Fra: **Magnar Husby**

Date: man. 30. jan. 2023 kl. 07:47

Subject: Innkalling til årsmøte i Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal

To:

Innkalling til årsmøte i Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal 2023

Følgjande vedtekter gjeld no for SFNM-

MR <https://www.naturogmiljo.no/studieforbundet/monstervedtekter-n-m-regionledd>

Med desse vedtektene som grunnlag innkallast det til ÅRSMØTE i Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal (SFNM-MR) på Tribunebygget, Idrettsvegen 2, Molde, 3.etasje **Onsdag 22. mars 2023 kl 19.00-21.30**. Det blir muleg å delta på nett. Men fysisk deltaking er mest ønskjeleg.

Dei nye vedtektene for ÅRSMØTE:

"§ 4 - Regionårsmøte

Regionårsmøtet er regionleddets øverste myndighet. Regionårsmøtet er beslutningsdyktig når det er korrekt innkalt og minst tre av medlemsorganisasjonene er representert. Hvert medlem har en stemme.

Regionårsmøtet avholdes hvert år innen utgangen av mars. Regionårsmøtet innkalles av regionstyret med 6 ukers varsel. Forslag og saker som ønskes behandlet på regionårsmøtet må være regionstyret i hende senest 4 uker før møtet. Fullstendig sakliste og sakspapirer skal være gjort tilgjengelig senest 2 uker før møtet.

Regionårsmøtet skal:

- Behandle årsmelding og regnskap
- Behandle planer og budsjett for vidare arbeid
- Behandle eventuelle innkomne saker
- Velge regionstyre med leder (1 år), to styremedlemmer (2 år, et hvert år) og varamedlem (1 år)
- Velge valgkomite med leder (1 år) og to medlemmer (1 år)
- Velge revisor (1 år)"

I vedtektene står det og (Paragraf 2): "Holde sentralledet løpende oppdatert om egen virksomhet og utpeke en regionkontakt som er regionleddets ansikt utad, både mot sentralledet og andre."

I SFNMs instruks til fylkesledd/regionledd heiter det vidare mellom anna

"Støtte opp om det arbeidet VOFO driver i fylket. Det er viktig å arbeide for best mulig rammebetingelser for vårt arbeid."

Stønaden til arbeidet i Vofo i fylket er styrt av Vofo, som samarbeider med fylket på grunnlag av ein samarbeidsavtale gjennom mellom anna eit Fylkesutval. Dette utvalet og Vofo arbeider for å utvikle verksemda til alle organisasjonar tilknytta VOFO sine studieforbund i Møre og Romsdal på vegner av alle deira fylkeskommunale og lokale organisasjonar. Dette utvalet og VOFO fordeler og kulturmidlane studieforbunda får frå fylket på grunnlag av rapportar. Her skal alle Studieforbund i VOFO med representasjon i fylket vere representert med 1 fast utvalsmedlem og 1 vararepresentant. SFNM-MR sine representantar skal veljast av Årsmøtet i SFNM-MR og bli godkjent av SFNM og VOFO. Representantane skal veljast og godkjennast innan 1. juni annakvart år, første

gong no i 2023. (Magnar Husby og Japke Sietske Stobbe har vore utpeikt i denne representasjonen i 2 år, no forlenga til 1. juni 2023).

I tillegg til å velje styre som spesifisert ovanfor, må altså Årsmøtet:

1. Avgjere kven som skal vere regionkontakt

2. Velje 1 representant og 1 vararepresentant til Fylkesutvalet i VOFO for 2 år med funksjonstid frå 1. juni 2023.

Forslag og saker utanom vanlege årsmøtesaker må vere innkomne seinast **22. februar**.

Fullstendig sakliste og sakspapir blir sendt ut seinast **8. mars**.

Det er fint om medlemsorganisasjonane seier frå om deltaking i god tid før årsmøtet.

mvh

Styret i SFNM-MR

v/ Magnar Husby (leiar)